

Sakshandsamar:

Eva Moberg
E-post: eva.moberg@sfj.no
Tlf.: 90591452

Vår ref.

Sak nr.: 15/11223-27
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
25936/17

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 26.06.2017

Kystpilegrimsleia

Referat frå møte i styringsgruppa 16.06.17, klokka 09-13 på Ørlandet.

Til stades: Marita Gunn Aarvik, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Gunn Marit Lygre, Rogaland fylkeskommune, Frøydis Austigard, Møre og Romsdal fylkeskommune, Olav Gading, Bispedømme

Frå prosjektgruppa: Tor Titlestad, Knut Wik, Ragna Sofie Grung Moe

Orienteringar ved NCE: Anne-May Waage

Møteleiar: Marita Gunn Aarvik

Referent: Elisabeth Bjørsvik/Tor Titlestad

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Under same sak, kom det spørsmål om prosjektgruppa sitt møte i Bergen 10. mai. Referat frå dette møtet var ikkje lagt ved sakspapira.

Knut orienterte difor om møtet i prosjektgruppa 10. mai, sjå mellom anna sak 4 og sak 6.

Sak 2. Orientering frå NCE om status og framdrift

Anne-May Waage orienterte særleg om dei regionale turane. Her ser ein mellom anna på individuelle reise med båt, bil etc. Forslaga som ligg føre, er basert på offentlig transport, bil og båt. Veteranbåtane kan legge opp til pilegrimsturar om sommaren og selje desse inn. Ein kan nytte større og mindre båtar. NCE har utarbeidd liste over overnattingsstader, og vil også lage liste over aktuelle besøksstader.

For å få Olavsbrevet, må ein ha minst eitt stempel frå den siste etappen. Elles stempel frå fem andre stader langs kysten.

NCE har presentert prosjektet for Norwegian Travel Workshop. Testpersonar skal evaluere produkta på dei einskilde stadene. Hovudtur og dei regionale turane skal vere ferdig i desember.

Det er også viktig med informasjon om turen for at den einskilde skal planlegge turen.

Prosjektet skal marknadsførast internasjonalt v/Fjord Norge.

Det er foreløpig ikkje gjort avtalar med overnattingsstader, men ein har vore i kontakt med nokre av desse og ønskjer at dei kan gi gode tilbod til pilegrimsreisande. Framsyning av pilegrimspass vert då sentralt.

Sak 3. Godkjenning av rapport frå pakkerteringsoppdrag

Vedtak:

Styringsgruppa godkjenner rapport for utført pakketeringsoppdrag utført av Notum AS. Styringsgruppa ber om å verte halde laupande orientert om desse prosessane.

Sak 4. Tilbakemelding til Kyst Norge AS.

Vedtak:

Styringsgruppa gjev Kyst Norge AS slik tilbakemelding på spørsmål og problemstillingar som vart tekne opp på styringsgruppemøte i Trondheim 21.03.2017:

- *Det er ikkje lagt opp til skilting som del av prosjektet som nå utføres i regi a v fylkeskommunane og bispedøma. Prosjektet ser det som ønskeleg at alle nøkkelstadene blir merka med pilegrimlogo og vil oppmode kommunane til å initiativ til dette. Merkinga må godkjennast av NPS. Behov for skilting utover dette må takast opp med den einskilde kommune. Fylkeskommunane kan bidra med råd og rettleiing i høve ulike skiltordningar.*
- *Prosjektet vil kome med forslag til logo for Kystpilegrimsleia. Dette skal utarbeidast i dialog med NPS og leggest fram for NPS til godkjenning.*
- *Prosjektet utarbeidar forslag til kriterier. Fylkeskommunane søker NPS om godkjenning av Kystpilegrimsleia som pilegrimslei. Tilhøyrande kriterier skal godkjennast av NPS. Det er valt ut nøkkelstader som kriteriene er knytt til, men det kan også utformast stempel på andre stopp langs leia.*
- *Utvikling av pass inngår som del av prosjektarbeidet, men ikkje konkret trykking og kostnadsdekking.*
- *Prosjektet legg opp til å bruke NPS sin kartløyising. Det er likevel ingenting i vegen for å nytte andre kartløyisingar lokalt.*
- *Det er ikkje utarbeidd eigen mal for digitalt formidlingsarbeid.*
- *Det skal utarbeidast ein brosjyre for Kystpilegrimsleia og det skal utviklast ein mobil applikasjonsløyising. Nøkkelstadane vert lagt inn og får omtale i brosjyre og mobilapp.*

- *Det vil bli opp til kvar einskild stoppestad å utforme stempel og lage rutinar for handtering av stempel i pilegrimspass. Vi ser at utviklinga går i retning av stadig meir digital teknologi. Vi er positive til digitale løysingar for stempling, men prosjektet legg ikkje opp til å utvikle eller finansiere løysingar for dette.*

Følgjande dokument vart lagt ved: Anbudsdokument frå NCE, organisasjonskart, prosjektorganiseringsdokument, vedtatt i styringsgruppa 22. april 2016.

Sak 5. Invitasjonsbrev til Kystlaga.

Vedtak:

Styringsgruppa vedtek forslaget slik det er lagt fram i saka:

På grunnlag av søknadene som kjem inn og dialog med tilhøyrande vertskommunar, ber styringsgruppa om at det vert fremja forslag til arrangementsstad og tidspunkt for markering i kvart i fylka.

Sak 6. Tilbakemelding til Riksantikvaren vedkomande val av stad for hovudmarkering i 2018.

Vedtak:

Styringsgruppa ser det som gledeleg at Riksantikvaren ønskjer å invitere Kongehuset til eitt av opningsarrangementa i Kystpilegrimsleia i 2018.

Styringsgruppa vil ta stilling til stad og tidspunkt for opningsmarkering i kvart av dei fem fylka (jf. Sak 5). Det er ikkje lagt opp til ei felles hovudmarkering i regi av kystpilegrimsprosjektet. Fylka vil spille inn dei av sine markeringsstader dei rangerer høgst. Dersom Riksantikvaren ynskjer å velje ut ein av markeringsstadane til hovudarrangement, må dette skje i regi av Riksantikvaren.

Møre og Romsdal har med utgangspunkt i e-post frå Riksantikvaren, vurdert Averøya som forslag. Korleis vil dette stå opp mot forslaget om Smøla frå nokre kommunar?

På bakgrunn av diskusjonar om val av nøkkelstader, vart følgjande vedteke:

Vedtak:

Styringsgruppa ber prosjektgruppa arbeide ut ein felles prosess som kan nyttast i sakshandsaminga i kvart fylke. Denne skal innehalde avklaring av innhaldskomponentar i arrangementa lokalt med kystdeltaking som eit viktig komponent. Styringsgruppa spelar inn at arrangementa startar på nullpunktet utanfor Egersund med ei bodstikke som avleverast i Trondheim.

Merknad:

Med «nullpunkt» vert det her tenkt på skilnaden mellom flo og fjære sjø i Egersund.

Skal merksemda rundt opninga av Kystpilegrimsleia og ideen med bodstikke verte realisert fullt ut, vil det krevje at tidspunkta for markeringane av nøkkelstadene vert lagt med høvelege mellomrom, og slik at ein beveger seg i ei retning (t.d. frå sør til nord). Tek ein med at alle 5 nøkkelstader skal markerast, at bodstikka skal vere innom alle desse stadene og legg inn ei veke intervall

mellom kvar markering, inneber dette at det vil ta 5 veker frå bodstikka startar i sør til han når Nidaros i nord.

Biskopen og fylkesordførar må vere til stades på alle arrangementa.

Innan utgangen av oktober må arrangementsstadene vere klare.

Søknadsskjema til kystlaga vart gått gjennom.

Sak 7. Igangsetting av godkjeningsprosess mot nasjonalt pilegrimssenter

Ny sak på sakslista.

Vedtak:

Styringsgruppa tek orientering om møte med nasjonalt pilegrimssenter 15.06. 2017 til etterretning.

- *Konklusjonen etter møte med nasjonalt pilegrimssenteret, er at det bør sendast ein formell søknad til NPS frå kystpilegrimsleia.*
- *Ein må ha tettare samarbeid og invitere nasjonalt pilegrimssenter inn i prosjektgruppa.*

Det har heile tida vert lagd opp til at prosjektet skal verte endeleg godkjent av Nasjonalt Pilegrimssenter når det er ferdig. Ordet «bør» i vedtaket inneber ut frå det ei framrykking av tidspunktet for å setje i gang dei prosessane som skal føre til endeleg godkjenning.

Formelt inneber dette at innhaldet i felles brev frå prosjekteigarane til Nasjonalt Pilegrimssenter må innehalde dei avklaringspunkta som må verte drøfta i dialog med NPS for å leggje det rette grunnlaget for ei endeleg godkjenning.

Ein slik initiativ bør sendast frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, i overenskomst med dei andre fylkeskommunane. Tor Titlestad lager utkast til brev saman med Eva Moberg. Utkastet vert så sendt til dei andre fylkeskommunane for godkjenning.

Nasjonalt pilegrimssenter har sagt nei til skilting no for det er ikkje logo på plass. Det er viktig at logo og skilting er i tråd med nasjonale kriteria som slik desse er utforma av Nasjonalt Pilegrimssenter. Nøkkelstader på/langs kysten bør merkast, sjølv om det er ei lei.

Prosjektet har vedtak på at alt marknadsføringsmaterial skal vere i tråd med dei standardar NPS har utarbeidd og krev vert nytta i alle godkjende løyper. Det gjeld sjølv sagt også logo der Kystpilegrimsleia vil leggje utforminga av vår logo inn under dei formval som er gjort nasjonalt av NPS.

Kulturdepartementet er nasjonal mynde overfor nasjonalt pilegrimssenter.

Sak 8. Vidare arbeid/merkevarebygging

Ny sak på saklista.

Vedtak:

Styringsgruppa ber om at prosjektgruppa lager felles informasjon frå prosjektet og frå kvar nøkkelstad. Her er bodstikketanken viktig å få med. Basert på eit slikt felles grunnlagsdokument, vert styringsgruppa oppmoda til å ta kontakt med NRK sitt distriktskontor, eller andre medie.

Grunnlagsdokumentet er eit informasjonsark som inneheld kart og kulepunkt, td.:

- Kva er Kystpilegrimsleia?
- Kor går Kystpilegrimsleia?
- Kva er måla med Kystpilegrimsleia?
- Kva kan ein oppleve i Kystpilegrimsleia?
- O.A.

Grunnlagsdokumentet må har samsvar med den marknadsføringa og dei marknadsføringsverktøy prosjektet vil utvikle gjennom NCE.

Sak 9. Dato og møtestad for neste møte i styringsgruppa.

Ny møtedato 21.- 22. september på Selje eller Avaldsnes.

Sak 10. Anna

Det vart halde orientering frå firmaet AiSpot om digital personleg reiseassistent-løysing via skype.

Med helsing

Eva Moberg
fylkeskonservator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakarar:

Gunn Marit Lygre
Knut Wik
Tor Titlestad
Rogaland fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Møre Bispedømmeråd
Stavanger bispedømmeråd
Bjørvin bispedømmeråd
Ragna Sofie Grung Moe

Sør-Trøndelag fylkeskommune
Nidaros Bispedømmeråd
Aarvik Marita Gunn
Neshe Lie
Frøydis Austigard
Hans Morten Løvrød
Synnøve Aabrekk
Olav Gading

Kopi til:

Ragnhild Halle
John Erik Brakstad
Bjørn Ringstad
Åse Bitustøl
Jan Auestad
Ingeborg Midtømme
Per Hillesund
Morten Dåsnes
Einar Vegge
Knut Åland, NKA
Ingebjørg Erikstad, NKA